

Tilbod om deltaking

Referansegruppe for framtidig organisering av oppvekst i Sauda

Som dei fleste er kjend med, skal det gjennomførast ei utgreiing av oppvekstsektoren i Sauda. Kommunestyret har vedteke at utgreiingsarbeidet skal rettast mot kvalitet, ressursutnytting, kompetanse, læringsmiljø og utvikling i barnehagane og skulane våre. Basert på informasjon om tilstanden, skal det greiast ut ulike alternativ til struktur for barnehagane og skulane, og vurderast kva som i framtida kan vere den beste modellen.

Kommunestyret har vedteke eit prosjektmandat som skal sikre brei og god involvering i prosessen. I mandatet er det beskrevet korleis prosjektet skal vere organisert. Ein viktig medverknadsaktør er ei referansegruppe.

Referansegruppa si oppgåve er å gi råd, tilbakemelding og sine perspektiv på relevante områder, fram mot endeleg saksframlegg. Relevante område i denne saka vil vere resultat av arbeidet, oppleving av medverknad/prosess og framdrift. Referansegruppa skal vere ein ressurs for prosjektgruppa, og bidra til å løyse problem eller utfordringar som oppstår undervegs i arbeidet.

Følgjande medlemmer skal vere representert i referansegruppa, jmf. prosjektmandat:

- Ungdomsrepresentantar
- Plasstillitsvalte
- Representant for tilsette i barnehage
- Representant for tilsette i småskulen
- Medlemmer i kommunalt foreldreutval for barnehage og skule

Møtetid og – stad:

Møtetid vil vere frå klokka 15.30 – 17.00 dei oppsette datoar. Slik vil elevar i grunnskule og vidaregåande skule kunne delta utan å få fråvære, og føresette i arbeid kan også delta.

Møta er i kommunestyresalen. Meir informasjon får de i første møtet.

Møtedatoar:

- 20.mars 2024
- 17.april 2024
- 13.mai 2024
- 07.august 2024

Endringar i møteplan kan koma.

Beste helsing

Prosjektgruppa for framtidig organisering av oppvekst